



Bergen og Hordaland Turlag
Tverrgaen 4-6
5017 BERGEN

Dato: 15.05.2014
Vår ref.: 2014/12424-76
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Tilsagn på tilskot til friluftsføremål 2014 kap. 1420 post 78 - Kom deg ut - dagene i Hordaland

Det vert vist til dykkar søknad på den statlege ordninga for tilskot til friluftstiltak (Kap 1420 post 78) - 2014.
De er tildelt kr. 35 000 i tilskot til Kom deg ut – dagene i Hordaland.

Grunngjeving

For 2014 er det samla søknadsbeløp på kr. 1.557.730 fordelt på 39 søknadar med kr. 820.000 til fordeling. Det har vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkarar slik at nokre får avslag medan andre er tildelt delar av beløpet det er søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria for skjønnsutøving som er fastsett i vedtekne retningslinjer for ordninga. Ein tilskotsmottakar har takket nei til tilskotet. Dykkar søknad er såleis tildelt midlar med føring om at dei skal brukast til Kom deg ut dagene i nyoppstarta turlag.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt dykkar konto 3624.68.33847 så snart som Hordaland fylkeskommune får utbetalt tildelte midlar frå Miljødirektoratet. De har ansvar for å kontrollera at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsegnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilsegns mottakar skal gjennomføre rapportering, levere rekneskap samt medverke til kontroll som nemnt under.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskots gjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta eller falle bort.

Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga innan 15. desember 2014. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.

- Informere om eventuell vidareføring.

Tilsegnsnittakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Brot på vilkår og føresetnadar

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte rådgjevar Eirik Knive epost eirik.knive@hfk.no eller telefon 55 23 91 66/ 99 15 58 29.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.